# Mangfald 7. trinn

| Skjermen viser: | I timen: |
|---|---|
|  | Introduser temaet for timen og sjå [Mangfald og følelsar (youtube.com)] |
|  | La elevane snakke saman, og snakk saman i klassa:<br><br>• Kven er jente og kven er gut? Og spelar det eigentleg noko rolle?<br>• Kvifor er vi så opptekne av å dele inn i kjønn? Har det nokre fordelar?<br>• Kva ulemper kan det ha at vi deler så mykje inn i jente eller gut? |
|  | Forklar til elevane:<br><br>For ganske få år sidan var det uvanleg å snakke om kjønn som noko anna enn gut eller jente, mann eller kvinne. Før var det også meir forskjell på kva som var forventa av dei ulike kjønna, og tidlegare har ulike kjønn også hatt ulike rettigheiter. Men vi har jo aldri vore heilt ulike kvarandre, for vi er jo alle menneske og har både likskapar og ulikskapar uavhengig av kva kjønn vi er! Nokre barn blir også fødde med kjønnstrekk frå begge kjønn. |
|  | Dette bildet viser korleis mange no tenker om kjønn. Med det veldig maskuline på eine sida og det veldig feminine på andre sida.<br><br>• **Biologisk kjønn** er det kjønnet ein er fødd med. Dei aller fleste er fødd som jente eller gut, men nokre få barn blir fødd med både mannlege og kvinnelege kjønnsorgan og dei får utdelt eitt offisielt kjønn som kan endrast når ein ser meir kva kjønn barnet ser ut til å vere etter nokre år.<br><br>• **Opplevd kjønn** seier noko om kva ein identifiserer seg som. Ikkje alle er like feminine eller maskuline, men identifiserer seg vanlegvis som det kjønnet dei er fødd med likevel. Og så er det nokre barn og unge som ikkje kjenner seg heime i det kjønnet dei er fødd som. Det er viktig at vi prøver å vere rause med kvarandre i korleis vi er uansett kva kjønn vi er. Om kjønn blir mindre viktig så kan kanskje fleire kjenne seg heime i seg sjølv.<br><br>• Også **seksualitet** – altså kven ein blir forelska i og ønskjer å vere saman med – varierer veldig. Dei fleste er heterofile, altså at dei blir forelska i motsett kjønn, men veldig mange er ikkje det. Ein kan vere forelska i motsett kjønn, same kjønn som ein er sjølv – eller begge deler. Ein kan også vere mest oppteken av korleis mennesket er, ikkje kva kjønn det er. Og nokon blir ikkje forelska i det heile tatt, heller ikkje som vaksne. Det viktige å vite er at du må ingenting, og at du har god tid på å finne ut kva som er rett for deg. |
| Sjå ein av desse filmane om seksuelt mangfald:<br>Sexual Orientation: A Spectrum Of Attraction - YouTube<br>Zmekk - Kjærlighet og seksualitet / Norsk - YouTube<br>Sexual Orientations Explained: Lesbian, Gay, Heterosexual and Bisexual Frå Amaze Org | Vi skal sjå ein liten film som forklarer litt om mangfald i seksualitet:<br>Vel ein av desse.<br>• Zmekk - Kjærlighet og seksualitet / Norsk - YouTube<br>• Sexual Orientations Explained: Lesbian, Gay, Heterosexual and Bisexual - YouTube |

| | |
|---|---|
|  | La elevane snakke med kvarandre i grupper:<br><br>Kvifor er det bra at unge no kan mykje meir om mangfald i seksualitet? |
| <br>Skjellsord - homo (Norsk Folkehjelp NPA) | Sjå filmen [Skjellsord - homo - YouTube] |
|  | La elevane snakke med kvarandre, og snakk saman i klassa.<br><br>Korleis er for nokon som er homofil at *homo* blir brukt som skjellsord?<br>Kva kan det føre til? |
| <br>En skjønn identitet frå RVTS Sør | Sjå eventuelt denne for å forklare kva kjønnsidentitet er.<br>• [En skjønn identitet - YouTube] |
|  | Oppgåve/Aktivitet:<br>La elevane jobbe i grupper for å finne eksempel på kjente menneske innan musikk/film/sosiale media som framstiller mangfald i kjønn og seksualitet på ein god måte. Kjem elevane på filmar/musikkvideoar/blogginnlegg og anna som er med på å vise mangfaldet positivt?<br>Kva er bra med det desse gjer?<br>Korleis kan alle vi menneska vise at vi aksepterer kvarandre slik vi er?<br>Oppsummer med å la gruppene få kome med sine eksempel og eventuelt vise nokon av desse på smartboard. |
| Få vere som ein er!<br><br>CGI Animated Short Film: "Unconditional" by Austin Braddock \| CGMeetup | Sjå gjerne ein av desse til slutt for å vise kor viktig det er med aksept for å vere den ein er<br>• [CGI Animated Short Film: "Unconditional" by Austin Braddock \| CGMeetup - YouTube]<br>• [This Is Me by Keala Settle (from The Greatest Showman) \| Cover by One Voice Children's Choir - YouTube]<br>• [In a Heartbeat - Animated Short Film - YouTube] |
| Litt Frosketid?<br> | I løpet av timen kan de gjerne og ha litt Frosketid: [Pust med naturen (s-pust) - YouTube] |